



Arkivnr: 2017/1430-1

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		22.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017

Bruk av avsette midlar til folkefest / kulturprogram under Sykkel-VM

Samandrag

Fylkestinget har gjennom budsjettvedtaket desember 2016 løvd 2,5 millionar til folkefest under sykkel-VM. Denne saka legg fram prinsipp og vilkår for bruken av desse midlane.

Både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune ser manglar i det utanomsportslege programmet for sykkel-VM, slik det no ligg føre. Amatørkulturlivet har fått ein god og stor plass og er godt ivareteke og presentert. Det profesjonelle kunstlivet i fylket er ikkje ivareteke eller nyttta i programmet, noko som er ein klår mangel. Fylkesrådmannen vil difor føreslå at dei løvdde 2,5 millionane går til å fylle inn profesjonelt kunstnarleg publikumsretta innhald i denne og til å gje det profesjonelle kunst- og kulturlivet høve til å synleggjere seg for eit stort publikum av både fastbuande, tilreisande og tv-sjáarar over heile verda. Dette vil medverka til å skapa ein tilgjengeleg og «open by» der kunst- og kulturtildelning blir del av ei heilskapleg kvalitetsoppleveling.

Fylkesrådmannen vil tilrå at midlane vert overført til *Bergen 2017*, med klåre vilkår og føringar for bruken. Det må m.a. etablerast ein kulturkomité – slik det er bestemt, og denne må få fullmakt til å godkjenna fordeling av midlar til profesjonelt kunstnarleg innhald i folkefesten etter definerte retningslinjer.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune stiller til rådvelde kr 2,5 millionar til kulturprogram/folkefest til Bergen 2017 med følgjande føresetnader:

- Løyvingar frå desse midlane skal gå til profesjonelle kunstnarlege innslag og arrangement på dei offisielle sykkel-VM-scenene og -arenaene, og til arrangement og institusjonar som har eit klårt kulturføremål og i hovudsak tek i mot offentleg driftsstønad.
- Føremålet er å få fram profesjonelle innslag og tilbod av høg kvalitet som kan bidra til gode opplevelingar for publikum og til profilering av regionen sitt levande kunst- og kulturliv.
- Midlane skal gje eit profesjonelt kunst- og kulturinnhald i folkefesten, med m.a. medverknad frå profesjonelle artistar, kulturprogram og publikumsarrangement i regi av kulturinstitusjonane, samt tilrettelegging av og oppjustering av arrangement ol. som skal presenterast i TV-sendingar.
- *Bergen 2017* må nemna opp ein kulturkomité, der Hordaland fylkeskommune og arrangørkommunane er representerte.

- Kulturkomitéen skal ha mandat til å godkjenne bruk av midlane til relevante prosjekt og institusjonar i samsvar med føremålet.
- *Bergen 2017* må knytta til seg kulturfagleg arrangørkompetanse som kan sikre god kvalitet i innhald og gjennomføring i samarbeid med kulturkomitéen.
- Det skal sendast ut informasjon om løyvinga og planane til aktørane innan det profesjonelle kunst- og kulturlivet i fylket med oppmøding om å bidra.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.02.2017

Innleiing

Fylkestinget har gjennom budsjettvedtaket desember 2016 løvd 2,5, millionar til folkefest under sykkel-VM som vert arrangert i Hordaland i tidsrommet 16.-24. september 2017. Fylkesrådmannen vil i denne saka legge fram forslag om bruken av desse midlane.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare løvd kr 15 millionar til denne meisterskapen. Bergen kommune har løvd kr. 20 mill. til gjennomføring av meisterskapen. Selskapet *Bergen 2017 AS* er oppretta for å arrangere sykkel-VM i 2017, og har ansvaret for planlegging og gjennomføring av arrangementet. Både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune ser manglar i det utanomsportslege programmet og vil fremje politiske saker knytt til løvningar som skal gå direkte til sterkare deltaking frå kunst- og kulturlivet i fylket.

Kulturprogrammet vart diskutert 19. januar i administrativt møte mellom Bergen 2017, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen City Event, Askøy kommune og Fjell kommune.

Fylkesrådmannen har også i etterkant hatt møte med Bergen kommune og skissert eit opplegg for å styrke programmet med tilbod om og synleggjøring av profesjonell kunst og kultur. Føremålet med dette supplerande opplegget er å skape eit innhald i folkefesten med høg kunstnarleg kvalitet, noko som

- vil gje kunstnarlege opplevelingar av høg kvalitet
- vil profilere Vestlandet og arrangørkommunane som attraktive og innovative
- vil gje kunstinstitusjonane høve til å vere synlege for eit stort publikum

Bergen 2017 / sykkel-VM sitt kulturprogram

Det er allereie sett av kr. 2,7 mill. av til gjennomføring av opningsshow og aktivitetar knytt til folkefest, i følge budsjettet som låg ved den internasjonale søknaden. Desse midlane skal og dekke kostnader knytt til bygging og drift av scene på Torgalmenen og utgifter til innleidd kulturkoordinator. Det skal vere fleire arenaer i alle arrangørkommunane som amatørkulturen skal fylle med innhald.

Arrangørkommunane utanfor Bergen har også sett inn eigne ressursar for å koordinere kulturaktivitetane knytt til sykkel-VM. Det vil verte eit breitt engasjement frå barnehagar til seniorgrupper. Det aller meste av programmet i desse kommunane er knytt til amatørkultlivet, og vil skapa eit flott engasjement i lokalmiljøet.

Fylkesrådmannen meiner at amatørkulturen, gjennom solid innsats frå arrangørkommunane, er godt ivareteke i programmet for sykkel-VM. Det er i tillegg til dette viktig å gje tilbod av høg kunstnarleg kvalitet til m.a. tilreisande gjester og involverte i arrangementet, og også nytte dette unike høvet til å profilere arrangørkommunane og byen for tv-sjårarar verda rundt, som ein stad for innovasjon, nytenking, utvikling og med eit levande kunst- og kulturliv. Det vil, når det gjeld det profesjonelle kunstlivet, vere eit tydeleg tyngdepunkt i Bergen by, då den klårt største andelen av dei profesjonelle kunstinstitusjonane ligg i byen. Kultbyen og opplevingsbyen Bergen vart trekt fram fleire stader i den internasjonale VM-søknaden (utarbeidd i 2011-2013), og det er skapt forventningar om eit kunsttilbod og program av høg kvalitet.

Med tanke på tida som no står til rådvelde fram mot meisterskapen, er det ikkje høve til å etablere eigne strukturar for dette arbeidet, eller initiere spesialproduksjonar el. Fylkesrådmannen ser det difor som effektivt og hensiktsmessig at midlane vert stilt til rådvelde for *Bergen 2017*, men med klåre føringar for bruken, slik det går fram av denne saka.

Det er av stor tyding at den høge kvaliteten på det profesjonelle kunst- og kulturfeltet i Hordaland / Bergen får medverka til å tydeleggjera og forsterka omdømet til regionen. Dette gir ringverknader utover kunst- og kulturfeltet både til næringsliv, reiseliv og utdanningsfeltet. Inntrykket publikum og Tv-sjårarar sit igjen med etter arrangementet, må vere at regionen står fram som attraktiv både å besøke, investere i og å bu i.

Kunstnarlege «løyper» og arenaer for folkefest og kunstopplevingar

Saman med engasjementet frå amatørkulturlivet kan det profesjonelle kunstlivet bidra til å vise fram arrangørkommunane og Bergen sitt mangfoldige kulturliv under sykkel-VM 2017, gjennom konserter, utstillinger og arrangement på arenaer og i gater og byrom.

Den årlege Kulturnatten i Bergen kan vere eit godt eksempel på korleis både amatørkultur og profesjonelle kan presentere seg og skapa deltaking.

Arrangørkommunane har utarbeidd planar for arrangement og deltaking frå amatørkulturlivet i kommunane. Det er lagt ned eit solid arbeid for å skapa engasjement og deltaking.

I sentrum av Bergen er det eit stort potensiale for kunst- og kulturopplevingar under sykkel-VM. Området rundt Skostredet tilbyr t.d. ein kompakt og innhaldsrik smakebit på Bergens kunstliv: Kulturhuset Østre med Ekko og Lydgalleriet, Litteraturhuset i Bergen, S12 galleri og verkstad, og galleria KRAFT og Stiftelsen 3,14 er alle sterke aktørar innan sine felt, med og plassert i eit kvartal som har vist at det kan by på ei intim og særmerkt festivalstemning – tett på sykkeltraséen.

I ein kort radius rundt Torgalmenningen ligg nokon noen av Noregs toneangivande kunstinstansjonar: KODE – Kunstmuseene i Bergen, Bergen kunsthall / Landmark, Den Nasjonale Scene, og galleriet Entrée og Hordaland kunstsenter. Kunstinstansjonane er særleg egna som tilbydarar av nyskapande, overraskande og visuelt synlege prosjekt i bybiletet, i tillegg til sitt faste program.

Ein musikalsk akse førar frå Grieghallen med Bergen Nasjonale Opera, Bergen Filharmoniske Orkester, via rockeklubben Garage; konsertarena for Bergensartistar som Enslaved, Hjerterlag og John Olav Nilsen, og vidare mot Sentralbadet og USF Verftet. Sentralbadet kunne vere ein arena for samtidsmusikkensemplet BIT20, samtidsmusikkfestivalen Borealis og det nasjonale dansekompaniet Carte Blanche, og USF Verftet er ein naturlig stad for konserter med Hordalandsmusikarar med internasjonalt nedslagsfelt, slik som Aurora, Kygo og Røyksopp, og scenekunstopplevingar i regi av BIT Teatergarasjen.

Dette er eit godt høve for deltaking av kunstnarar frå heile fylket, både når det gjeld prosjekt og arrangement i Bergen by og dei andre arrangørkommunane.

At det er kort tid til september vil seie at det vil vere vanskeleg å initiere store nye kunstprosjekt, men ved å tilby nokon ekstra midlar kan ein i mange høve t.d. knytte til meir utadretta aktivitet og synleggjering til allereie planlagde prosjekt og aktivitetar. Dette vil bidra til å gje fleire menneske gode kunstopplevingar og synleggjere kunstlivet i fylket.

Tv-sendinger, pressedekking og PR

Sykkel-VM er eit eineståande høve for å synleggjere dei profesjonelle kunst- og kulturaktørane i Hordaland. TV-sendingane – både morgenmagasin og kveldsmagasin, som skal produserast av TV2, treng godt innhald og gjev høve for synleggjering av kunst og kultur frå Hordaland. I dagens globale kunst- og kulturliv vil dette igjen kunne gje direkte marknadsverdi for kunstnarar og kunstinstansjonar.

Hordaland med Bergen har eit allereie velrenomert kunst- og kulturliv i verdsklassen der det vert satsa både spisst og breitt og med innhaldsproduksjon av høg kvalitet. Med journalistar og tv-team frå alle hjørne av verda er dette arrangementet eit ypparleg høve til å nå ut til et antatt publikum på 300 millionar sjåarar. I hele 10 dagar vil biletproduksjon frå Bergen og nabokommunar nå ut til eit slikt publikum. Bergen kommune har etablert dialog og samarbeid med TV2, som har produksjonsansvaret for tv-produksjonar for sykkel-VM. Det er i følge TV2 eit stort høve for ei kulturell eksponering allereie under årets Tour de France. TV2 får bruke dette rittet sitt nettverk, og det er sett av ein heil dag for å profilere Bergen og Hordaland for heile pressekorpset som følger Tour de France.

Det er ønskjeleg å produsere ein film på 2-3 min. som kan presentere kunstlivet i regionen og slik skape interesse.

I forkant av og under sykkel-VM vil Hordaland få besøk av eit stort internasjonalt pressekorps frå ulike medieproduksjonsselskap, som vil sjå etter det særeigne vestlandske, det unike stadsspesifikke og menneska som bur her. TV2 produserer alle Godmorgen-sendingar frå Bergen frå 16. - 24. september. På dagtid vil det vere TV-sendingar frå kl. 10.00 til 18.30 alle dagar, og på kveldane skal det produserast eigne sendingar som har arbeidstittel «Bergen by Night».

Det vil vere behov for å ha bakgrunnsinformasjon mm. som kan formidle og kva som gjer arrangørkommunane aktive og attraktive innanfor fleire samfunnsmiljø. Til dette føremålet vil det vere behov for språkkyndige og kreative medarbeidarar, digital tilrettelegging og bilete, teknisk utstyr og diverse anna produksjonsutstyr. Dette vil kunne vere til bruk både for publikum som er til stades i byen og for TV-sendingar.

Alle kulturarrangement må kommuniserast breitt og såleis kome alle fastbuande og tilreisande til gode gjennom god marknadsføring og annonsering.

Vilkår og økonomi

På hovudkomitémøte 3.februar 2016, sak 8, gjorde Bergen 2017 greie for dei viktigaste milepelane. Eit av punkta her var opprettinga av ein kulturkomité våren 2016. Hordaland fylkeskommune er ikkje kjend med at ein slik komité er oppnemnd, noko som Hordaland fylkeskommune ser som ein føresetnad.

Satsinga på profesjonell kunst og kultur under sykkel-VM er jobba fram som eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Tilskotet på kr 2,5 million frå Hordaland fylkeskommune bør overførast til Bergen 2017, med tydeleg bestilling og klåre føringar for bruken. Dette kan oppsummerast slik:

- Løyvingar frå desse midlane skal gå til institusjonar som har eit klårt kulturføremål og mottekk offentleg driftsstønad, og til profesjonelle kunstnarlege innslag og arrangement på dei offisielle sykkel-VM-scenene og -arenaene.
- Føremålet er å få fram profesjonelle innslag og tilbod av høg kvalitet som kan bidra til gode opplevingar for publikum og til profilering av regionen sitt levande kunst- og kulturliv.
- Midlane skal gje eit profesjonelt kunst- og kulturinhald i folkefesten, med m.a. medverknad frå profesjonelle artistar, kulturprogram og publikumsarrangement i regi av kulturinstitusjonane, samt tilrettelegging av og oppjustering av arrangement ol. som skal presenterast i TV-sendingar.
- Bergen 2017 må nemna opp ein kulturkomité, der Hordaland fylkeskommune og arrangørkommunane er representert.
- Kulturkomitéen skal ha mandat til å godkjenne bruk av midlane til relevante prosjekt og institusjonar i samsvar med føremålet.
- Bergen 2017 må knytte til seg kulturfagleg arrangørkompetanse som kan sikre god kvalitet i innhald og gjennomføring i samarbeid med kulturkomitéen.
- Det skal sendast ut informasjon om løyvinga og planane til aktørane innan det profesjonelle kunst- og kulturlivet i fylket med oppmoding om å bidra.

Alle større meisterskap og begivenheter verda over har prioritert eit spisst og breitt kulturprogram som gir godt innsal og som skaper eit godt omdømme av vertsstaden. Det er ønskeleg å ha det beste innhald i alle folkefestarrangement og langs løypene. Eit spanande og innovativt kunst- og kulturprogram under arrangementet gir attraktivitet, godt omdøme og gode opplevingar for innbyggjarane og tilreisande.